



DEN NORSKE KYRKJA Lavik Sokneråd

Innkalling til møte i Lavik sokneråd
torsdag 15. april kl. 19.00 på Alværa

Innkalla:

Tonje Førde Systad, Toril Lange, Torunn Styve, Katrin Borlaug Ringereide, Monica Sunde Tjønnås, Rolf Aamot, Wenche Liljedal, Geir Sørebo. Dersom meir enn 1 ikkje kan møte, må vara innkallast.

Kopi av innkallinga går til:

Annbjørg N. Kristensen, Maria Z. Espeseth, Hilde Iren Sørebo Bosdal, Terje Båtnes, Olav Hellebø, Bjarne Hellebø, Audun Engedal, Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekklus, Katarina Vattekar, Gerda Otterstein, postmottak Høyanger kommune

Ord til opning v/ Geir Sørebo

Godkjenning av innkalling, referat og sakliste.

Meldingssaker:

06/21: Sidan sist.

Fellesrådsmøte 25. mars 2021

Evaluering av arrangement: gudsteneste 14. mars, dåpsgudsteneste 1. påskedag, påskevandring, korleis fungerer tilviste plassar.

07/21: Ny kyrkjeleg organisering – rapport er lagt fram, og det vert høyring.

08/21: Fasteaksjonen 2021

09/21: Gjeldande smittevernsreglar

Vedtaksaker:

12/21: Gudstenesteplan april – sept med kyrkjevert, klokkar, takkoffer -

Soknerådet har blitt oppmoda om å lage minst eitt arrangement i høve til prosjektet -

«Kystpilegrimsleia – som perler på ei snor – meir himmel på fjord.»

Kan vi bruke ein av gudstenestene som alt er bestemt til det?

Vedlegg: Informasjonsbrev om Kystpilegrimsleia - frå 23.03.2021

Vedlegg: Gudstenesteplanen -

13/21: Årsmøte og Mat og Prat – torsdag 29. april 2021 på Alværa

Årsmøtesaker – årsmelding, rekneskap

Mat og Prat –

fordeling av oppgåver.

14/21: Ny gudstenesteordninga.

Eit gudstenesteutval er kome med framlegg til ny gudstenesteordning. (liturgien).

Det er soknerådet som skal til stilling til ein del av spørsmåla og det skal opp på soknemøte. Soknemøte kjem kun med råd. Det er soknerådet som gjer vedtak.
(Eg venter på vedlegget)

15/21: Markering av at Andreas har slutta som sokneprest.

Soknerådet og kyrkjelyden har ikkje gjort noko i høve til at Andreas har slutta som sokneprest i Lavik. Når gjer vi det og på kva måte?

16/21: Aksjon: «Saman som kyrkje i verden»

Brev frå NMS til alle kyrkjelyder som har misjonsavtale.

17/21: Helgestunder (jfr sak 10/21)

Ein representant frå kvar sokneråd tek ansvar for å samle stoff og sende kyrkjeverje. Dei utgjer også redaksjonen.

Kven er med frå Lavik? Kven kan evt utfordrast?

Ymse – og neste møte.

Vel møtt!

Lavik 11.04.2021

Toril Lange
Soknerådsleiar

Plan for gudstjenestene , jan – sept 2021 (12.04.2021)

| Dato | Kl | Gudstjeneste | Prest/deltek | Kantor | Kyrkjetenar | Takkoffer | Klokkar | Kyrkjevert | Merknad |
|-----------|-------|--|--------------|--------|-------------|-------------------|---------|------------|---------------------------|
| 10. jan | 11.00 | Tårnagentgudstjeneste | Geir | Gerda | Bjarne | | Torunn? | Tonje | avlyst |
| 31. jan | 11.00 | Høgmesse | Geir | Gerda | Bjarne | Bibeldagen | | | |
| 21. febr | 17.00 | Høgmesse | Geir | Gerda | Olav | Kirkens bymisjon | Toril | Wenche | |
| 28. febr | 12.00 | Dåpsgudstjeneste | Geir | Gerda | Olav | IKO | Toril | Torunn | |
| 14. mars | 11.00 | Høgmesse | Geir | Gerda | Audun | Strømmestiftelsen | Monika | Rolf | |
| 01. april | 18.00 | Påskemåltid/ Skjærtorsdag | Geir | Gerda | Bjarne | | | | avlyst |
| 02. april | | Langfredag Andakt – helsesenteret? | | | | | | | Avlyst? |
| 04. april | 11.00 | Høgtidsgudstjeneste | Geir | Gerda | Audun | | Olav | Toril | Lukka Dåpsgudstjeneste |
| 25. april | 11.00 | Høgmesse | Geir | Gerda | Bjarne | Menighetsfakultet | | | Dåp? |
| 17. mai | 13.00 | | | Gerda | Olav | | | | |
| 23. mai | 11.00 | Høgtidsgudstjeneste | | Gerda | Olav | Misjon i Mali | | | Pinsedag |

| | | | | | | | | | |
|------------|-------|---------------------------|------|--|--------|--|--|-------------------------------------|----------------------------|
| 13. juni | 18.00 | Høgmesse? | | | Audun | | | | Kystpilegrimsleia |
| 4. juli | 11.00 | Høgmesse | | | Bjarne | | | KABB – Kristent Arbeid blant blinde | |
| 25. juli | 18.00 | Høgmesse | | | Bjarne | | | Blå kors | |
| 8. august | 11.00 | Høgmesse | Karl | | Olav | | | Dei 4 diakoni - institusjonane | |
| 29. august | 11.00 | Høgmesse | Karl | | Olav | | | Misjon i Mali | 50-årskonfirmasjon |
| 19. sept | 12.00 | Konfirmasjons-gudsteneste | Karl | | Audun | | | ALværa | Laurdag |
| 26. sept | 11.00 | Hausftakkefest | Karl | | Audun | | | Søndagsskulen | Utdeling av bøker til born |

Samtalegudsteneste med konfirmantane – dag og tid ikkje bestemt enda.

Som perler på ei snor – meir himmel på fjord

No kan kyrkjelydane i Bjørgvin bispedøme ta i bruk Kystpilegrimsleia for fullt!



SunnivaSeglas i Askvoll sept. 2020. Fotograf Roy A. Nilsen

Kjære sokneprestar og sokneråd langs Kystpilegrimsleia!

Sommaren 2021 inviterer vi kyrkjelydane i Bjørgvin bispedøme til å ta i bruk Kystpilegrimsleia til friluftsgudstenester, pilegrimsvandringar og «sjøveis kyrkjereis». Dette gjer vi fordi det no er viktig at vi i kyrkja tek i bruk leia og utviklar lokale nettverk. Dette vil kunne gje viktige impulsar til kyrkjelyden, opne eit rom for nye menneske og miljø og vere til glede for lokalsamfunnet som vi er ein del av.

Fordi vi også denne sommaren må vektlegge godt smittevern, vil det vere klokt å legge ein del arrangement i friluft. For mange kyrkjelydar er dette ikkje noko nytt, de har lange tradisjonar med slike arrangement.

I samarbeid med kystkultur.no og dei regionale pilegrimssentra i Selje og Bergen, vil vi lansere noko som bind alle desse arrangementa på kysten saman. Dette har fått tittelen: «**Kystpilegrimsleia – som perler på ei snor – meir himmel på fjord**». Prosjektet strekker seg over heile Vestland fylke og målet er at vi saman flettar saman ei perlerad kvar veke frå pinse og ut til september. Det er ikkje noko mål å lage til store samlingar og teknisk krevjande arrangement – men heller mange små og trygge samlingar som kan gjennomførast nær sagt same kva smittevernregime som gjeld.

Kva må de gjere no?

Vi utfordrar sokneråda til å lage til minst eitt arrangement i sommar. Til dømes friluftsgudsteneste, pilegrimsvandring eller sjøveis kyrkjereis. Vi bed om at de finn eit lokalt lag eller organisasjon de kan samarbeide med om arrangementet, (t.d. speidar, 4H, kystkulturlag, kor, historielag, grendalag, turlag, Naturvernforbundet eller liknande). Det er spesielt viktig å få til noko på [nøkkelstadane](#) langs kystpilegrimsleia. Også dei nye [dagsturhyttene](#) kan vere gode stader å arrangere noko.

I kvart prosti er det peika ut ein kontaktperson som koordinerer og held oversikt slik at det ikkje vert kollisjonar på datoar. Vårt råd er at de vel ut og registrerer arrangement **innan 1. mai**. Alt treng ikkje vere klart på dette tidspunktet og de kan eventuelt endre opplysningane undervegs.

Oversikt over kontaktpersonar:

Sunnfjord prosti: sokneprest i Hyllestad, Audun Systad, audun.systad@hyllestad.kyrkja.no, 971 55 237

Nordfjord prosti: sokneprest i Bremanger, Dag Leirvik, dag.leirvik@kinnkyrkje.no, 917 32 150

Sunnhordland prosti: Prostiprest Reidar Ådnanes, reidar@kyrkja-stord.no, 909 54 921

Nordhordland prosti: Prost Helge Taranrød, ht759@kyrkja.no, 415 28 318

Fana prosti: Prest Marianne Bergsjø Gammelsæter, mg822@kirken.no, 958 06 920

Vesthordland prosti: Prost Jan Tommy Fosse jf776@kirken.no, 924 63 278

Det er ikkje noko problem om det ligg eit arrangement i Nordhordland og eit i Nordfjord same helga. Målgruppa er først og fremst dei som bur der det hender, men samarbeidet opnar opp for at kyrkje- og kulturinteresserte på Norgesfeire kan få med seg eit lokalt arrangement.

Kva gjer kystkultur.no?

Når planlegginga tek til, registrerer de dette med eit godt bilde (helst .jpg – format), dato, tid og stad på kystkultur.no og skjerikyrkja.no_ <https://kirken.no/opprett-arrangement>

Meir info om dette får de når ting er klart. Det vil då ligge ei rekke arrangement på denne nettsida.

Dette er organisert slik at andre kan «bygge» inn denne lista over arrangement på sine heimesider.

Vi ynskjer også å ha eit vignett som alle brukar når de lagar til eigne arrangement på facebook lokalt.

Dette gjer at vi kan dele arrangement på andre sider enn kyrkjelyden sine eigne på ein enkel måte og samtidig vere del av eit heile.

Det vil også vere mogeleg å skrive ut plakatar frå denne nettsida når de har lagt inn info og bilde.

De kan sjå korleis dette såg ut ved SunnivaSeglas på [denne lenka](#).

Vi kjem tilbake med meir info korleis registreringa går føre seg.

Kva gjer pilegrimsutvalet i Bjørgvin bispedøme?


Pilegrimsutvalet kjem til å sende ut nokre enkle forslag til bibelfortelling, preike og salmar til bruk ved desse arrangementa. Målet er at det skal vere enkelt for sokna å gjere dette. Frå denne lista kan de plukke det de vil bruke, eller de kan lage eige program for arrangementet. De vil få tilsendt tre ulike preikeutkast:

- Eitt om Steinkrossane som står mange stader langs kysten: «Den gode skatten»
- Eitt om trua som kom frå havet i vest. Om Sunniva og hennar historie: «Våg trua!»
- Eitt om marin forsøpling: «Ta vare på Guds skaparverk.»

Då er det berre å starte planlegginga!

Guds signing over planlegginga og påskehøgtida som står for døra!

Gode helsingar frå



Biskop Halvor Nordhaug

Inger Helene Nordeide, leiar av pilegrimsutvalet

Knut Magne Nesse, prost i Sunnfjord